



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Formannskapet

Sak nr 3/08

Saksbehandler: Ivar Undheim

Arkiv: 103

Arkivsak: 08/180-6

Møtedato: 28.01.2008

HØYRING - SØRHEIMUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Me har fått nok eit utval som har sett på inntektssystemet, Sørheimutvalet, etter leiaren ordførar i Tingvoll, Kristin Marie Sørheim (Sp).

Heile innstillinga finn ein på:

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/israpport.pdf>

Samandraget av rapporten legg ein ved saka, samt vedlegg 1 for Klepp/Rogaland.

Klepp kommune er på mange vis ein midt på treet kommune der ein del av forslaga til endring i inntektssystemet får lite å seia for oss. Me har ikkje fått noko regiontilskot, og vil heller ikkje få det i forslaget til nytt system. Gjeldande overgangsordning gir små utslag for oss og auka skatteutjamning vil nesten ikkje slå ut då me ligg når 100%.

Me har store utgifter til ressurskrevjande brukarar, og det er viktig element at denne delen av skjønnet blir att i inntektsordninga. Klepp får i 2008 4 mill kr i skjønn på grunn av mange ressurskrevjande brukarar.

Selskapsskatten

Selskapsskatten har vore inn, ut og inn att dei siste 10 åra, (ut i 1999 og inn att i 2004) og utvalet foreslår at han nå går ut att.

Selskapsskatten er ein "Matteus-skatt", det vil seia at det er dei kommunane med høge inntekter pr innbyggjar som får mest. Dette kjem fram ved at det ved bortfall av denne skatten er Forsand, Stavanger, Sauda og Sola som taper mest pr innbyggjar, i denne rekkjefølgje. Sauda har nokre år fått mykje skatt pga Elkem. På landsplan er Oslo mellom dei som taper mest pr innbyggjar.

Klepp kommune vil tene omlag 300 kr pr innbyggjar, ca 5 mill kr, ved at selskapsskatten fell bort og blir erstatta med meir skatt til kommunane av personskatten.

Det er noko prinsipielt rett ved at kommunane får ein del av skatten frå bedriftene. Dei dreg nytta av ein del kommunale tenester også utanom dei som kommunen tek betaling for, som f.eks brannvesen, legevakt, gatelys, gatereinhold med meir.

Slik som systemet er nå, blir 4,5 mrd av bedriftsskatten fordelt til kommunane, slik at det er berre når våre bedrifter går betre enn dei andre sine bedrifter at me får meir. Om alle bedriftene går betre, er det likevel same sum til fordeling mellom kommunane.

Rådmannen er sterkt i tvil om å halda på eit "rett" prinsippet er verd 5 mill kr for Klepp kommune og formulerer på dette punktet to forslag til vedtak.

Oppdatering av folketalet

Me har nokre år nå hatt ei ordning der folketalet som blir nytta i inntektssystemet blir oppdatert til pr 01.01 i budsjettåret. Det betyr at det talet som blir lagt til grunn ikkje blir kjent for litt utpå våren i budsjettåret, og altså ikkje er kjent under budsjettarbeidet.

Rådmannen kan sjå at denne usikkerhetsfaktoren kan vera problematisk, men for oss, kommunane som veks, er denne oppdateringa til litt hjelp.

Forslaget er at folketalet pr 01.07 året før budsjettåret skal leggst til grunn. Då vil folketalet vera kjent under budsjettbehandlinga. Dette betyr at me som veks, må gi tenester til fleire innbyggjarar enn dei midla me får er berekna til.

Når ein veks med f.eks 2 % i året må me i snitt serva 1 % av befolkninga i tillegg til dei som me får betaling for. Når ein skal leggja tidlegare tal for befolkninga til grunn, vil dette auka til over 2 %.

Denne bruken av tidlegare befolkningstal vil gjelda innbyggartilskotet og utgiftsutjamninga. Men det blir inga endring når det gjeld tidspunktet for folketalet i inntektsutjamninga, så endringa blir ikkje så stor.

Tilskot for høg vekst

Dette forslaget må ein i nokon grad sjå i samanheng med at utvalet føreslår å innføre eit nytt tilskot for dei kommunane som veks meir. I vedlegg 1 slår dette lite ut for Klepp, men det er åra 2002 til 2005 som ligg i rekneeksemplet, og me har vakse sterkare i 2006 og 2007 enn i åra før.

For å få dette tilskotet må ein i snitt for 3 år veksa med det doble av landet, for tida $2 \times 0,6\% = 1,2\%$. Statistisk sentralbyrå rekna med at samla vekst i folketalet for heile landet kjem opp i 1,2 %. Blir dette snittet framover, vil kommunane berre få tilskot til folketilvekst ut over 2,4 %, noko berre eit fåtal kommunar i landet har.

For vekst ut over dette får ein kr 50 000 i tilskot pr innbyggjar over denne veksten, med den veksten me har nå, kan tilskotet frå denne ordninga nokre år framover bli mellom vel 5 mill kr.

Rådmannen synest det ligg rett tankegang bak ordninga, men kunne tenkt seg at det var vekst ut over ein fast prosent som blei lagt til grunn, slik at denne delen blei noko meir forutsigbar over tid.

Det er ikkje så mykje lettare for oss å klara ein vekst på 2-3 % om veksten i landet går opp frå 0,6 til 0,9 %. For at ikkje ordninga skulle bli meir kostbar å finansiera, kunne ein vurderer om det var snittet av veksten over 5 år som skal leggjast til grunn og ikkje 3 år som i forslaget. Det er høg vekst over tid som er vanskeleg å takla. Ein kunne også vurderer om tilskotet berre skal gis til kommunar som har under 110 % av inntektsgrunnlaget og ikkje alle som har under 140 %.

Vedlegg:

Samandraget av rapporten
Vedlegg 1 av rapporten for Klepp/Rogaland

Innstilling:

Forslag til vedtak:

Punkt 1, alternativ A

Klepp kommune vil, trass i at kommunen taper på det, føreslå at kommunane framleis får ein del av selskapsskatten. Kommunane er ein viktig tilretteleggjar og tenesteytar for bedriftene, og Klepp kommune meiner at kommunane bør få noko attfor dette i form av skatt frå bedriftene.

Punkt 1, alternativ B

Klepp kommune meiner at ut frå skeiv fordelingsverknad av selskapsskatten bør denne falla bort for kommunane og bli erstatta av større del av personskatten.

Punkt 2

Klepp kommune er skeptisk til at dato for folketalet i inntektssystemet blir flytta frå 01.01 i budsjettåret til 01.07 året før budsjettåret. Blir dette innført bør det i større grad tas omsyn til i innføring av ei vekstkompensasjonsordning, enn det utvalet føreslår.

Punkt 3

Klepp kommune støttar innføring av eit vekstkompensasjonstilskot. Klepp kommune meiar at dette bør gis med kr 50 000 pr innbyggjar for snittvekst over 5 år på over 1,2% for alle kommunar med inntekt på under 110%.

Formannskapet den 28.01.2008 sak 3/08

Behandling:

Formannskapet redigerte i punkt 1, alternativ a og punkt 2.

Forslag frå Elfin Lea -h
Nytt punkt 4.

Klepp kommune ønskjer at skjønselementet i inntektsordninga vedkomande sterkt hjelpetrengjande brukarar vert oppretthalde.

Røysting:

Punkt 1, alternativ a fekk 6 røyster.

Punkt 1, alternativ b fekk 3 røyster, Hilde Kraggerud -sp, Sigmund Rolfsen -a og Torbjørn Hovland -krf.

Punkt 2 fekk 7 røyster, 2 røysta mot, Hilde Kraggerud -sp og Sigmund Rolfsen -a

Punkt 3 fekk 9 røyster.

Tilleggsforslaget frå Elfin Lea, nytt punkt 4, fekk 9 røyster.

VEDTAK:

Punkt 1

Klepp kommune vil føreslå at kommunane framleis får ein del av selskapsskatten.

Kommunane er ein viktig tilretteleggjar og tenesteytar for bedriftene, og Klepp kommune meiner at kommunane bør få noko att for dette i form av skatt frå bedriftene.

Punkt 2

Klepp kommune går mot at dato for folketalet i inntektssystemet blir flytta frå 01.01 i budsjettsåret til 01.07 året før budsjettåret. Blir dette innført, bør det i større grad tas omsyn til innføring av ei vekstkompensasjonsordning.

Punkt 3


Klepp kommune støttar innføring av eit vekstkompensasjonstilskot. Klepp kommune meiar at dette bør gis med kr 50 000 pr innbyggjar for snittvekst over 5 år på over 1,2% for alle kommunar med inntekt på under 110%.

Punkt 4

Klepp kommune ønskjer at skjønselementet i inntektsordninga vedkomande sterkt hjelpetrengjande brukarar vert oppretthalde.

Klepp kommune, 30.01.2008


Elfin Lea
ordfører


Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:

Kommunal- og regionaldepartement, Postboks 8112 DEP, 0032 Oslo
KS Rogaland, Arkitekt Eckhoffs gate 1, 4010 Stavanger